



Rapport frå FFU (Fylkesting for ungdom)

7-9 mars 2025

Emil og Håkon hadde glede av å representera Voss herad på fylkestinget for ungdom (FFU). Møtet var ein viktig arena for å diskutera ungdom sine interesser og bidra med innspel til framtidig politikk som rører ved ungdom sine behov og utfordringar. Nedanfor følgjer ein oppsummering av turen og dei viktigaste punkta me tok med oss heimatt.

Under fylkestinget fekk me høyra mange interessante innlegg, mellom anna om psykisk helse ved Victoria Finnvik med foredraget ABC/Hodebra, og om karrieren til varaordførar i fylket, Stian Davies. Me jobba og hovudsakleg med å laga det nye ungdommens planprogrammet og med ungdomsråd i praksis. Dette gav oss verdifull innsikt i korleis me kan jobba vidare med ungdomssaker i Voss herad, og me fekk mange innspel og gode diskusjonar med andre kommunar om korleis dei gjer ting, alt frå Agder og Risør på Sørlandet til Finnmark og Vadsø i nord.

Viktige tema som vart diskutert:

- Russetid og russefeiring
- Skulepolitikk
- Ungdomsmedverknad i politiske prosessar
- Betre samferdsletilbod for ungdom
- Psykisk helse blant unge
- Berekraft

Nye vedtekne punkt Emil og Håkon fekk gjennom på FFU til planprogrammet:

- VU skal arbeida for eit gratis skulemåltid i skulen minst to gonger i veka.
- VU skal arbeida for at alle vidaregåande skular har tilgang på ein eigen rådgjevar for utdanning og karriere med særleg kompetanse på framtidsretta yrke, grøn omstilling og teknologisk utvikling.
- VU skal motivere arbeid mot ein beredskapsplan for alternativ skule ved naturkatastrofar eller liknande.
- VU skal stå for trygg dyrevelferd og trygg matproduksjon og vera med på å sikra dette.
- VU skal jobba for økt beredskap og samfunnstryggleik, både på land og vatn.
- VU skal jobba for at dei kommunale ungdomsråda skal kunna delta meir aktivt i utforminga av busstilboda i deira kommune.

- VU skal jobba for at prosjekt K-5 vert gjennomført heilt til Voss.
- VU skal arbeida for at fylkesvegane skal bli utbetra.
- VU skal jobba for at den politiske fråværsgrensa skal takast bort eller aukast.

Turen til fylkestinget var ei nyttig oppleving som gav oss ny kunnskap og inspirasjon til å jobba vidare med ungdomssaker i Voss herad. Me har no landa eit planprogram som skal hjelpe oss ungdom i Vestland til å ha det endå betre. Me ser fram til å vidareutvikla desse ideane saman med ungdomsrådet, Vestland Ungdomsutval og Vestland fylkeskommune.

Skrevet 09.03.2025 av Emil Velken Soldal og Håkon Skjoldli